

Infoskriv Tryggleiksalarm

Ein tryggleiksalarm er ei velferdsteknologisk teneste som gir auka tryggleik og hjelp når det trengs. Tryggleiksalarm nyttast for personar som kan ha behov for hjelp på grunn av helseutfordringar, nedsatt funksjonsevne eller liknande.

Når du har tryggleiksalarm, har du alltid moglegheit til å komme i kontakt med hjelp – døgnet rundt – ved å trykke på ein alarmknapp. Alarmen går til eit responscenter som svarar og hjelper deg vidare.

Korleis fungerer tryggleiksalarm?

- Du får installert en alarmboks heime hos deg.
- Du får ein alarmknapp som du ber som smykke eller armband.
- Alarmknappen er vanntett, og bør brukast i dusj og på bad.
- Når du treng hjelp, trykkjer du på knappen.
- Alarmen går direkte til eit responscenter som er bemanna 24 timar i døgnet.



Kva skjer når du trykkjer på alarmknappen?

- Responscenteret får melding med ein gong.
- Dei snakkar med deg gjennom alarmboksen.
- Dei spør kva som har skjedd og vurderer kva hjelp du treng.
- Dersom det er behov, sender dei heimetenesta heim til deg.

Dersom du ikkje svarar når responscenteret prøver å få kontakt – til dømes dersom du har falle på badet eller i ein annan etasje – vil dei likevel sende hjelp heim til deg for å sjekke at du har det bra.

Du skal altså vere trygg på at du får hjelp også om du ikkje klarer å svare.

Tryggleiksalarmen fungerer berre innanfor bustaden din.

Dersom du lurar på noko kan du kontakte Vidar på +47 414 60 423 eller Rebecca +47 949 88 369